

Eksamen

15.11.2017

DEL2001

Data- og elektronikkssystemer/Data-og elektronikkssystem

Programområde: Vg2 Data og elektronikk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen.
Informasjon om vurderinga	Oppgåva blir vurdert etter læreplanen i VG2 Data- og elektronikkssystem, og det blir spesielt lagt vekt på faglig presist språk, systemforståing når det kjem til databehandling tilpassa mindre bedrifter, forståing av risikovurdering og sluttkontroll, samt at arbeidet er i overeinskomst med lover, forskrifter og standardar mellom anna med tanke på informasjons- og personsikkerheit.
Andre opplysningar	Ingen.

Situasjon

Du er tilsett som teknisk i eit firma som jobbar med system for alarm- og åtgangskontroll og system for databehandling tilpassa mindre bedrifter. Firmaet held til på to ulike lokasjonar, og har totalt 50 tilsette.

Oppgåve

A)

Bedrifta har i dag to ulike datasystem for brukaradministrasjon og lagring på dei to ulike lokasjonane sine. Kva for fordelar / ulemper vil det ha å gå for ei sentralisert løysing?

B)

Bedrifta ønskjer at du skal gjere ei risikovurdering av eventuell overgang til ei ny sentralisert løysing. Beskriv korleis du vil gå fram for å gjennomføre denne risikovurderinga.

C)

Det viser seg at bedrifta har begrensa / ikkje eksisterande dokumentasjon av eksisterande datasystem. Korleis vil dette påverke overgangen til ei ny sentralisert løysing, og kva for ulemper har dette ved feilsøking / oppgradering av anlegget?

D)

I dørkarmene i system for åtgangskontroll sitt det eit elektrisk sluttstykke eller ein motorlås. Vi skil mellom sluttstykke eller motorlåsar med rettvendt funksjon og sluttstykke eller motorlåsar med omvendt funksjon. Beskriv forskjellen på rettvendt og omvendt funksjon i denne samanhengen.

E)

Ein brukar har klipt hol i eit hjørne på åtgangskortet sitt for å kunne feste det til ein nøkkelring. Etter dette fungerte ikkje åtgangskortet lengre. Gjer greie for årsaka til dette og kva som kan gjerast for på nytt å gi brukaren tilgang til dei romma han hadde tilgang til før holet blei laga.

F)

Vurder kva for fordelar og ulemper eit adresserbart åtgangskontrollsystem gir samanlikna med eit ikkje-adresserbart åtgangskontrollsystem, med omsyn til installasjon og sikkerheit.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	Oppgaven blir vurdert etter læreplanen i VG2 Data- og elektronikk-systemer, og det blir spesielt lagt vekt på faglig presist språk, systemforståelse når det kommer til databehandling tilpasset mindre bedrifter, forståelse av risikovurdering og sluttkontroll, samt at arbeidet er i overensstemmelse med lover, forskrifter og standarder bl.a. med tanke på informasjons- og personsikkerhet.
Andre opplysninger	Ingen.

Situasjon

Du er ansatt som tekniker i et firma som jobber med systemer for alarm- og adgangskontroll og systemer for databehandling tilpasset mindre bedrifter. Firmaet holder til på to ulike lokasjoner, og har totalt 50 ansatte.

Oppgave

A)

Bedriften har i dag to ulike datasystemer for brukeradministrasjon og lagring på sine to ulike lokasjoner. Hvilke fordeler / ulemper vil det ha å gå for en sentralisert løsning?

B)

Bedriften ønsker at du skal foreta en risikovurdering av eventuell overgang til en ny sentralisert løsning. Beskriv hvordan du vil gå frem for å gjennomføre denne risikovurderingen.

C)

Det viser seg at bedriften har begrenset / ikke eksisterende dokumentasjon av eksisterende datasystem. Hvordan vil dette påvirke overgangen til en ny sentralisert løsning, og hvilke ulemper har dette ved feilsøking / oppgradering av anlegget?

D)



I dørkarmene i system for adgangskontroll sitter det et elektrisk sluttstykke eller en motorlås. Vi skiller mellom sluttstykker eller motorlåser med rettvendt funksjon og sluttstykker eller motorlåser med omvendt funksjon. Beskriv forskjellen på rettvendt og omvendt funksjon i denne sammenhengen.

E)

En bruker har klippet hull i et hjørne på adgangskortet sitt for å kunne feste det til en nøkkelring. Etter dette fungerte ikke adgangskortet lengre. Gjør rede for årsaken til dette og hva som kan gjøres for på nytt å gi brukeren tilgang til de rommene han hadde tilgang til før hullet ble laget.

F)

Vurder hvilke fordeler og ulemper et adresserbart adgangskontrollsystem gir i forhold til et ikke-adresserbart adgangskontrollsystem, med hensyn til installasjon og sikkerhet.



www.vigoiks.no/eksamen